



STUDENTARBEID

Studium **Sosialt Arbeid**

Emnenavn **Global Knowledge**

Emnekode **GK300**

Vurdering **Mappeeksamen**
(kode og type vurdering – mappe, heimeeksamen, prosjekt)

Kandidatnummer **15**

Innlevert dato **24.05.2013**

Tal nummererte sider **24**

Samandrag

Zambia kan rangeras som rundt eit av dei fattigaste landa i verda. Over 70% av befolkninga lever i fattigdom. Spesielt ute i dei rurale områda der dei har tilgang på svært lite. Etter å ha hatt praksis i ein av landsbyane utanfor Livingstone, bestemte eg meg for å skrive om jenter og oppvekst i ein landsby i Zambia. Eg har brukt kvalitativ metode, med intervju av tre informantar, og etter mine funn, er det spesielt mange jenter som lever eit hardt liv med mykje arbeid på grunn av fattigdom.

Samstundes slik eg har forstått det som har vorte forklart til meg, vert gutane prioritert når det gjeld skulegang. Jentene må i tillegg til skulearbeid, hjelpe til med alt av husarbeid. Og siden det er tradisjon for medgift i Zambia, er det lettare å gifte vekk dottera si, slik at ein kan vidare finansiera skulegang for gutane sine.

Summary

Zambia is ranked around one of the poorest countries in the world. Over 70% of the population live in poverty. Especially, out in the rural areas where they have access to very little. Having had practice in one of the villages outside Livingstone, I decided to write about girls and growing up in a village in Zambia. I have used qualitative methods, like interviews with three informants, and by my findings, it is particularly many girls who lead a hard life, with a lot of hard work because of poverty.

At the same time as I understand what has been explained to me, mostly boys are a priority when it comes to schooling. The girls must be in addition to school work, help with all the chores in the house. And since it is a tradition of dowry in Zambia, it is easier to marry off ones daughter, so that one can continue funding schooling for their boys.

Innholdsliste

Samandrag.....	S.2
Summary.....	S.2
1.0 Innleiing.....	S.4
1.1 Presentasjon av problemstilling.....	S.4
1.2 Presentasjon av landsbyen.....	S.4
2.0 Metode.....	S. 5
2.1 Kvalitativ metode.....	S. 5
2.2 Intervjuguide.....	S. 5
2.3 Presentasjon av informantane.....	S. 6
2.4 Presentasjon av intervju.....	S. 6
3.0 Teori.....	S. 7
3.1 Kultur.....	S. 7
3.2 Sosialisering.....	S.8
3.3 Identitet og kjønn.....	S. 9
3.4 Verdsbiletet.....	S. 10
3.5 Kulturfiltermodellen.....	S. 11
3.6 Ubuntu.....	S. 11
4.0 Empiri.....	S. 13
4.1 Typiske Zambiske damer.....	S. 13
4.2 Landsbylivet.....	S. 15
4.3 Utdanning i landsbyen.....	S. 16
5.0 Drøfting.....	S. 17
5.1 Typiske Zambiske kvinner.....	S. 18
5.2 Jenter i landsbyen.....	S. 20
6.0 Aslutning.....	S. 2

1.0 Innleiing

Etter å ha hatt 8 veker praksisutplassering i Zambia, bestemte eg meg for å skrive oppgåva om korleis det er å vere jente og vokse opp i ein landsby i Zambia. Eg har tatt utgangspunkt i ein landsby som ligger omtrent 45 min utanfor Livingstone sentrum, og jentene som veks opp der. Her var eg totalt 3 veker og jobba på den lokale skulen og hadde undervisning og opplyste elevane om sjukdomar og helse.

Slik eg har oppfatta rollefordelinga i Zambia når det kjem til kjønn, har gutane klare fordelar i forhold til utdanning, oppvekst og det å bestemme over seg sjølv. Jentene har mindre rettighetar når det kjem til det meste. Gutar vert favorisert når det gjeld utdanning og har mindre arbeidsplikter enn det jentene har.

1.1 Presentasjon av problemstilling

Det spørsmålet som opptok meg mest medan eg var i Zambia, var kvifor det finnes forskjellar mellom kjønn i vår tid, og korleis er det verkeleg for jenter på bygda i Zambia? Dette gjorde til at eg til slutt enda opp med ein problemstilling som går slik: « Korleis er det for jenter å vokse opp i ein landsby i Zambia»? Eg valte meg ut dette emnet på grunn av at, i Norge er me kanskje såpass heldige med kor langt me sjølve meiner likestillinga har kome i forhold til mange andre land i verda. Og det gjorde meg veldig nysgjerrig på å finne ut korleis jenter, både yngre og eldre, har det mens dei veks opp i ein landsby, midt i bushen i Afrika. Utan å sjå på det med norske auger, men å finne ut korleis ein kan sjå på det gjennom Zambisk kultur og væremåte.

1.2 Presentasjon av landsbyen

Dette er ein relativt stor landsby, lokalisert cirka 45 minuttar utanfor Livingstone sentrum. Her har dei både lokal skule, med klassetrinna 1.- 9. klasse, og lokal klinikks med tilhørande lege og helsepersonell. Rundt det som ein med vestlege auger kan kalle for sentrum, skuleområdet, ligger det masse små populasjonar rundt. Der kvar klynge av husvære, som ein familie bur i, vert kalla for ein «village». Majoriteten av innbyggjarane som hører til landsbyen er for det meste bønder som dyrkar mais på den jordlappen dei eiger eller leiger, medan nokon har andre jobbar i tillegg til å drive jordbruk. Fattigdommen er svært utbredt her, og ein god del av foreldra har ikkje råd til å sende meir en eit av borna sine på skule.

2.0 Metode

2.1 Kvalitativ metode

I følgje Dalland (2007) vert metode definert som eit middel til å løyse problem, eller ein framgangsmåte til å komme fram til ny kunnskap. Eg har valt å bruke kvalitativ forskingsmetode for å løyse denne oppgåva og for at mine forskjellelege informantar skal gi meg informasjon som kan hjelpe meg med å forstå min eigen problemstilling. Det kvalitative forskingsintervjuet vert brukt for å kunne få tak i og prøve å forstå informantens eigen skildring av livssituasjonen som han eller ho befinn seg i (Dalland, 2007, s. 132).

I eit kvalitatittivt intervju vert det tatt sikte på å få fram nyanserte beskrivingar av situasjonen som informanten oppheld seg i. Og ved å stilleUtfyllande spørsmål kan beskrivingane til informanten verta meir dekkande (Dalland, 2007, s. 135). Det er intervjuaren sjølv som tolkar det som vert sagt og måten det vert sagt på under intervjustituasjonen, og sjølve målet er å forstå innhaldet og meiningsa i det som vert sagt (Dalland, 2007, s. 134).

Innan det kvalitative intervjuet vert to menneske, som begge er opptatt av ein og same sak, bringa saman (Dalland, 2007, s. 141). Kunnskapen som vert innhenta her, vert produsert gjennom den inter personlege interaksjonen i intervjustituasjonen. Kontakten som oppstår mellom intervjuar og informant er grunnleggjande for intervjuet. Det å lytte aktivt, følgje med på kroppsspråk og mimikk, og det å verkeleg sjå på informanten, kan gjere til at ein unngår å avbryte det som kan vere ein viktig tankepause for informanten. Det er ofte nemleg slik at viktig informasjon kan komme fordi eit menneske nettopp lyttar og viser interesse (Dalland, 2007, s. 141).

2.2 Intervjuguide

Til intervjeta mine valte eg å lage ein intervjuguide på forhand slik at eg visste kva eg ville velje å fokusere på under sjølve samtalet. Å utarbeide ein intervjuguide er samtidig å forberede seg faglig og mentalt til å møte intervupersonen. Det er ikkje berre eit møte mellom deg og informanten, men eit møte der du og informanten skal ta opp ein situasjon eller eit fenomen som angår begge parter, for gjennom intervjuet å forstå fenomenet betre (Dalland, 2007, s. 150).

Kvar og korleis eit intervju skal gå føre seg, kan ha stor betydning for kvaliteten ein får på samtalen. Det er me som intervjuar som oppsøker informanten i hans eller hennar miljø, og som regel har me liten innflytelse på kvar samtalen skal forgå (Dalland, 2007, s. 154).

Det er fleire forhold som kan virke inn på kvaliteten av eit intervju, dei tema som vert tatt opp, må engasjere både informanten og intervjuaren (Dalland, 2007, s 158). Samstundes har og intervjuaren som ansvar å lede samtalen og presentere tema på ein slik måte at informanten vert inspirert til å fortelje med minst mogleg påverking, og til å snakke mest mogleg fritt (Dalland, 2007, s 158).

Eg strukturerte intervjuguiden min ut i frå problemstillinga eg valde meg, Så fokuset i alle spørsmåla mine gjekk ut på korleis situasjonen for jenter ute i landsbyen er. Korleis dei sjølve hadde hatt det i oppveksten og korleis dei personleg ser på korleis jentene har det mens dei veks opp i landsbyen.

2.3 Presentasjon av informantane

Eg har valt å intervju Tre Zambiske damer frå Landsbyen. To av dei har høgare utdanning og har vaks opp i by og ein landsby, medan den tredje er utan utdanning, men gift med ein mann med høgare utdanning. Disse damene befinner seg mellom 24- 33 år. Eg valte meg ut disse tre informantane på bakgrunn av at dei alle bur ute i landsbyen, og har egen erfaring med korleis det er å vere jente i ein landsby i Zambia. Samstundes ser dei korleis jentene oppfører seg og vert behandla i denne landsbyen til kvardagen, samstundes som dei sjølve har erfaring frå å bu i by.

2.4 Presentasjon av intervjeta

Det første intervjuet tok ein uventa retning av det eg hadde forventa meg. Intervjuet var avtalt på førehand og eg hadde hatt eit par samtaler med informanten før intervjuet. Eg informerte og om at intervjuet ville verta anonymisert, og at eg hadde tauseheitsplikt på alt ho fortalte til meg. Straks intervjuet byrja observerte eg at ho virka utilpass og ville ikkje gje meg nokon klare svar på spørsmåla eg stilte ho. Eg stilte både opne og lukka spørsmål, men nokon særleg av informasjon var informanten eigentleg ikkje villig til å gje meg. Medan dei to andre var heilt klare på informasjonen dei ville gje meg. Her vart intervjeta dratt ut over lengre tid, og informantane delte velvillig informasjonen dei sat på i forhold til spørsmåla mine.

3.0 Teori

For å kunne forstå kjønn og andre kulturar i eit land som Zambia, Afrika, har eg valt fyrst å forklare korleis Schiefloe (2011) ser på kultur i forhold til menneske og samfunn. Dette gjer eg for å prøve å få ein breiare forståing for korleis det er å være jente på bygda i eit Afrikansk land. Samstundes vel eg å trekkje inn sosialiseringssprosessen, for å vise at det er forskjell i korleis ein vert oppdratt og korleis ein ser på verda rundt seg sjølv ut i frå kvar ein er født og oppvaksen. Korleis individ i forskjelle geografiske land utviklar kjønn og identitet, er og påverka av korleis me er oppdratt, kvar me har vaks opp og kva slags kulturar som påverkar oss. Eg vil forklare korleis Schiefloe (2011) ser på identitet og kjønn, for deretter å bruke verdsbiletet av Dahl (2011) for å kunne vise at det er forskjellar på kor i verda ein er født og oppdratt. Og for å vise at ein kan forstå korleis det er for jenter i ein landsby i Zambia, vel eg og trekkje fram Ubuntu frå den Afrikanske kulturen som Shutte (2001) har skrevet om. Dette for å forklare korleis mennesket vert sett på i ein Afrikansk samanheng, og kva som vert veklagt ved å vere eit godt menneske i Zambisk kultur.

3.1 Kultur:

Schiefloe (2011) forklarer at menneske lever sine liv som samfunnsmedlemmar og at kultur er ein føresetnad for eit samfunn sin eksistens. Alle samfunn har derfor ein kultur som er særegen og i større eller mindre grad forskjellig frå kulturen i andre samfunn (Schiefloe, 2011, s. 128).

Enkeltmennesket tileigner seg kultur gjennom læring. Og ein sentral del av den sosiale arven som er felles for menneska i eit samfunn, er denne lærdommen. Rett etter at eit individ vert født startar innlæring av kultur med det same, og i den gruppa ein veks opp i, vert ein forma som menneske gjennom tileigning av kulturen. Tileigning av kultur er og det sentrale i sjølve sosialiseringssprosessen (Schiefloe, 2011, s. 134).

Schiefloe (2011) forklrar vidare at det er dei kulturelle omgivnadane me veks opp i som vert avgjerande for kva slags kunnskap og ferdigheter vi tileigner oss, korleis me sjår på livet og verda i seg sjølv, kva meg legg vekt på, og kva slags verdiar og haldningar me vert berarar av. Det som er avgjerande for kva type menneske me vert, er kulturen me føres inn i.

Et kinesisk født barn som oppdras i Norge av norske fosterforeldre, blir norsk i sin kultur. Om et norskfødt barn skulle bli oppdratt i Kina av kinesiske fosterforeldre, ville dette barnet i språk og tankemåte bli kineser. For det enkelte menneske representerer kulturen et sett av intellektuelle ferdigheter som er nødvendige for å kunne tilpasse seg og leve i et samfunn. (Schieffloe, 2011, s. 134)

3.2 Sosialsering:

Slik eg oppfattar at kultur vert forklart, kan ein forklare sosialiseringssprosessen som ein del av kulturen me veks opp og inn i. Me kan forstå sosialisering som ein prosess som former menneske, og denne prosessen kan delast inn i to fasar, primær og sekundær sosialisering. I primærsosialiseringen vert fundamentet både for personlighetsutviklinga lagt, og også for mykje av den seinare læringa (Schieffloe, 2011, s. 288). Etter kvart som barnet veks og vert eldre, speler andre instansar ein stadig større og viktigare rolle. Sekundærssosialisering kjenneteiknast ved at den er generell i form og innhald, men at den i hovudsak er er rolleorientert, til forskjell frå primærsosialiseringa som då er spesifikk og personorientert (Schieffloe, 2011, s. 288).

Gjennom sosialisering tilegner vi oss de kunnskapene, ferdighetane og meningene som er nødvendige for å kunne delta som fullverdige og aksepterte medlemmer i samfunnet. Sosialiseringen innebærer også at vi utvikler oss til særegne individer med en egen personlighet. (Schieffloe, 2011, s. 288). Sjølve sosialiseringa er ein læringsprosess, og den byrjar ved den første kontakta mellom eit nyfødt barn og foreldra. Den er og særleg sterkt og formande dei første leveåra til barnet. (Schieffloe, 2011, s. 288). Denne læringsprosessen skil seg ut frå annan læring ved at me bruker det me lærer, til å verta ein del av oss sjølve (Schieffloe, 2011, s. 290).

Schieffloe (2011) forklarar og at menneske vert født nesten uten instinkter, og er fullstendig avhengige av stell og pass frå omsorgspersonar i mange år før ein som individ er i stand til å klare seg på eige hand. Alt som er nødvendig for overleving under gitte livsbetingelsar, må læres (Schieffloe, 2011, s. 289).

Gjennom sosialiseringssprosessen ervervar me ein kompetanse som vert omtalt som ein spesifikk kulturell kompetanse. Den kan forklarast som det typiske for menneske i ein kultur, ved at ein er sosialt akseptert og integrert i ein bestemt sosial kontekst, gjennom å kjenne dei kulturelle kodane. Ein kan då som individ opptre på ein slik måte at det bekreftar tilhørigheita i det aktuelle fellesskapet og ein kan tolke forventningane ein møter (Schieffloe, 2011, s. 152).

3.3 Identitet og kjønn

Både kvinner og menn er biologisk ulike, og har derfor ulike rollar i forplantninga i verda. Derfor er utviklinga av identiteten vår som kvinne eller mann ein viktig del av vårt sjølvbilde. Og sidan omgjevnadane våre forventar ulik type åtferd frå dei to forskjellelege kjønna, vert kvinner og menn vurdert etter til dels ulike standardar (Schieffloe, 2011, s. 295).

Kjønn er samstundes eit viktig kulturelt skilje i alle samfunn, dette tar eg som eit eksempel sidan menn og kvinner vert lært opp til ulike haldningar og ulik atferd, vert plassert i ulike posisjonar i arbeidsliv og møtes med forskjellege normer når det gjeld familie, religion og politikk (Schieffloe, 2011, s. 163). Det samfunnsbestemte kjønnet er eit kulturelt fenomen som gjer seg utslag i ulike forventningar, ulike moglegheiter og ulike kjønnsroller (Schieffloe, 2011, s. 163). Det som gjer at menn og kvinner kan forholda seg til og oppleve verkelegheita på forskjellege måtar er kjønnsmessige forskjellar i i sosialisering og samfunnsposisjon (Schieffloe, 2011, s. 163). Ved at plassering i lagdelingshierarkiet vert vurdert på grunnlaget avmannens inntekt og status, er kvinner i praksis vorten betrakta som eit slags vedheng til sine menn (Schieffloe, 2011, s. 269).

Schieffloe (2011) meiner at korleis kjønnsidentiteten vår vert, og korleis gutter og jenter utviklar seg forskjellig er i vesentleg grad eit spørsmål om kultur (Schieffloe, 2011, s. 295). Utviklinga av vår kjønnsidentitet startar med ein gong etter at eit individ vert født. Gutebarn og jentebarn vert behandla ulikt og vil verta møtt av ulike reaksjonar og forventningar (Schieffloe, 2011, s. 295).

3.4 Verdsbiletet

I nesten alle verdens samfunn fell det seg slik at det mannlege kjønnet har større makt og meir prestisje enn det kvinnlege, og gjennomgåande har menn meir makt enn kvinner. Dette går igjen i forskjellege samfunn og kan ses godt i økonomien, religionen, politikken og forretningslivet (Schieffloe, 2011, s. 295).

Om me bruker Dahl (2011) sin forklaring av verdsbiletet, som er eit «sett av mer eller mindre systematiserte trosforestillinger og verdier som ei gruppe mennesker bruker for å vurdere og å gi mening til sine omgivelser» (Charles Kraft, ref. i Dahl, 2001). Vert det kanskje enklare å forstå kvifor det er store kjønnsforskjellar i forskjellege samfunn i verda. Slik me ser vår eigen kultur og verda rundt oss, tar me som oftast for gitt. Men når me då møter andre menneske som har eit anna verdsbilete enn oss sjølv, oppdagar me at me har eit sjølv (Dahl, 2001, s. 131).

Dette verdsbiletet er ikkje noko ein er født med. Gjennom omgang med andre personar, frå sine omgjevnader, frå søsken og foreldre tileignar eit barn seg sitt verdsbilete (Dahl, 2001, s. 131). I eit gitt meiningsfellesskap lærer barnet å tolke verkelegheita ut frå referanserammene som finnes (Dahl, 2001, s. 131). Verdsbiletet vert brukt til å forme normer og verdiar for menneske, og til å forklare hensikta med livet og menneskets rolle i forhold til overnaturlige makter, i forhold til universet og i forhold til andre menneske (Dahl, 2001, s. 131).

Dersom me vil prøve å forstå førestillingar og tankegang hos menneske med ein annan kulturell kontekst enn det ein sjølv har, vil det være nødvendig å setje seg inn i verdsbiletet deira generelt og religionen spesielt. Ofte er det slik at dei normene me finner i grupper av menneske, avviker mykje frå det ein kan finne hos enkeltindividet. Ein kommuniserer ikkje med verdsbileta, men med enkeltmenneske (Dahl, 2001, s. 133).

Kommunikasjon i seg sjølv dreier seg ikkje berre om intendert sending av meldingar. Like viktig er avkodinga av dei meldingane, teikna eller situasjonar som kan oppstå i eit møte mellom forskjellege menneske (Dahl, 2001, s. 74). Mottakarane avkodar så klart på sine eigne premissar; sidan dei ikkje har andre referanserammer enn dei som dei med sitt verkelegheitsbilete har konstruert (Dahl, 2001, s. 74).

3.5 Kulturfiltermodellen

Dahl (2011) forklarar ein inter kulturell kommunikasjonsprosess ut frå kulturfiltermodellen. I denne modellen vert den kulturelle referanseramma prega av tidlegare forventning og erfaring om den andre, og vert å beskrive som eit kulturfilter hos henholdsvis mottakar og avsendar (Dahl, 2011, s. 66).

Når to individ skal kommunisere, må frå avsendaren passere filteret til avsendaren, og for å motas av mottakaren, må den også passere filteret til mottakaren (Dahl, 2011, s. 66). Filtrene kan bestå av sosiale, psykologiske eller kulturelle aspekt som kommunikasjonspartnarane gjer gjeldande eller som gjer seg gjeldande i ein bestemt kommunikasjonssituasjon. Det er mottakaren som gjer mening til den meldinga som vert sendt, og mottar på sine eigne premissar, det vil sei, ut frå den virkeligheitsforståing vedkommande har konstruert (Dahl, 2011, s. 67). Kulturfilteret mottakaren har, slepp kun igjennom det som kan oppfattast av mottakaren, og ein kan då sei at avsendarens kulturfilter vil påverke innkodinga av den meldinga som skal sendast. Tankegang, uttrykksmåte, språk og presentasjon vert forma ut frå den enkeltes sosialisering og erfaring (Dahl, 2011, s. 67).

3.6 Ubuntu

I Zambia, Afrika lever dei etter eit verdssyn som heiter ubuntu og kan verta oversett med afrikansk humanisme, det handlar om å vere eit godt menneske eller human. Ordet ubuntu betyr menneskeheit. Begrepet i seg sjølv lekamliggjør ein forståing av kva det er å vere menneske og kva som er nødvendig for menneske for å vekse og finne tilfredsstilling. Men verdiane som det inneholdt er ikkje berre afrikanske, dei er verdiar av menneskeheita som sånn sett, og vert sett på som universelle (Shutte, 2001, s. 2).

I det tradisjonelle afrikanske synet, består ikkje universet berre av ting som samhandlar med andre ting. Det vert heller sett på som ein verden av krefter i samspel med andre krefter, eit slags universelt kraftfelt. Alt som eksisterer, steinar, plantar og dyr, og menneske i tillegg, er hovud fokus og eit uttrykk for samspel mellom krefter (Shutte, 2001, s 21). Desse kretene kan ikkje sjåast som materialistisk, men som fysisk. Dei er og til stades i våre eigne følelsar

og idear, men heller ikkje berre åndeleg. Desse kreftene er og til stades i både blodet og musklane våre (Shutte, 2001, s. 21).

Det afrikanske bildet på eit individ er at sjølvet er utanfor kroppen, i notid og opent for alle andre individ. Dette er fordi sjølvet er eit resultat og uttrykk av alle krefter som påverkar oss. Det er ikkje ein ting, men summen av alle samhandlande styrker (Shutte, 2001, s. 23). Me må lære oss å sjå oss sjølve utanfrå, når det gjeld våre handlingar og våre relasjonar, og i miljøet som omgir oss. Det er desse manifestasjonar av livs-krefter som gjer meg til meg. «jeg er, fordi vi er». Dette er den viktigaste konsekvensen av å sjå oss sjølv som levande senter for vital kraft (Shutte, 2001, s 23).

Det er like mange sider til sjølvet som det er relasjonar, sidan sjølvet berre eksisterer i forhold til andre. I kvert forhold innser ein andre delar av seg sjølv og viser andre ansikt ein har. I forhold til sjefen sin er ein arbeidstakar, eller eit medlem av ein fagforeining. Medan til kyrkjesamfunnet er eit individ både ein predikant og ein ledar, og så vidare. Kvar enkelt av individ i samfunnet har mange forskjelle sjølv (Shutte, 2001, s. 23).

I følgje Shutte (2001) er det innan ubuntu den største forskjellen mellom menneske, forskjellen mellom kjønna. I det tradisjonelle afrikanske synet på verda er dette ein naturleg ting og ikkje berre ein kulturell forskjell. Kvinner og menn er like, men annleis som menneske. Og det er denne som endrar måten ein ser den andre som eit sjølv. Ikkje at ein annan av motsett kjønn vert gitt mindre anerkjenning av det same. Det vert heller forklart som at kjønna komplimenterer kvarandre, kvinner og menn uttrykker ein heilheit av menneskeheita som ikkje kan verta realisert berre i personar av et enkelt kjønn (Shutte, 2001, s. 31).

Det er dette som vidare vert grunnen til at forholda mellom dei ulike kjønna er i stand til å vere så mektig og livsgivande. Noko som gjer ekstra liv til den enkelte, men som også er i stand til å bringe nytt liv til eksistens. Omfanget av dødelege dydar som utgjer ubuntu er svært bredt. Det vil av den grunn vere nyttig å dele dei inn i to grupper, dei som er opptatt av vårt forhold til andre, og dei som pregar vårt forhold til oss sjølv (Shutte, 2001, s 31).

4.0 Empiri

Empiri kan forklaras som kunnskap som er bygd på erfaring. Når me stiller eit empirisk spørsmål, stiller me eit spørsmål om korleis noko i verkelegheita er (Dalland, 2011, s. 87). Medan teoriar forklarar fenomena observert med basis i generelle antagelsar om samanhengar og er nødvendige hjelpe midlar for å utvikle generaliserbar kunnskap om samfunn og menneske (Schieffloe, 2011, s. 76). Så i denne oppgåva vil eg gå frå empiri til teori, og ende med teoretisk begrunning av empirien min.

For at dei som leser denne oppgåva skal unngå at mine meningar og tankar kjem fram gjennom empirien, har eg valt å presentere denne delen av oppgåva som ein form for utdrag frå intervjuet. På denne måten kan lesarane få eit innblikk i livet til jentene i landsbyen og korleis jenter vert oppfatta der. Eg har delt empiridelen inn i tre følgjande kategoriar: typiske Zambiske kvinner, landsbylivet og utdanning i landsbyen. Dette gjer eg for å vise forskjellane eg fant fram til når det gjeld gutter og jenter i denne landsbyen.

Eg utførte som sagt tre intervju under tida mi i Zambia, og som tidlegare nemnt, var den eine informanten ikkje særleg villig til å gje meg nokon skikkelege svar på spørsmåla eg stilte. Difor har eg valt å fokusere på dei to intervjuet der eg fekk mykje informasjon, og spesielt legge vekt på svara som gjelder for kvinner, landsbyen og utdanning.

4.1 Typiske Zambiske Kvinner

Informantane mine er godt vaksne damer som begge har høgare utdanning, og oppvaken i relativt store familiarar, der utdanning var viktig. Samstundes kan ein ikkje kategorisera desse som typiske Zambiske Kvinner. Dei har begge to barn, men ingen av dei er gift. Noko som er litt uvanleg for den Zambiske kulturen.

Informant 1 forklarte meg dette slik: «Nei, eg er ikkje gift, men har ein baby på 8 månader saman med kjærasten min. Eg vil helst ikkje gifte meg, for eg liker livet mitt slik det er no. Eg har mitt hus og jobben min, medan han har sitt hus og jobben sin. Vi er saman men har likevel ein forståing for at vi gjer forskjellelege ting.»

Informant 2 forklarer situasjonen sin litt annleis: « Nei eg er ikkje gift, og det har eg valt sjølv. Eg ville studere i staden for å gifte meg og å få barn. Eg har heller ikkje dårlig tid med å bli gift. Eg har veldig lyst å bli professor. Om eg til slutt gifter meg eller ikkje, det er heilt greitt.»

Kvinner skal heller ikkje vise låra sine til andre enn sin ektemann, og det er vanleg at det er to til tre års aldersforskjell mellom mann og kone, der mannen er den eldste. Når ei jente vert ei kvinna, og ho får mensen, skal ho lære om det å vere kvinneleg og tre inn i dei vaksne si verd.

Informant 1 forklarte om zambiske tradisjonar for kvinner ved å sei: « Når jenter får blødinger (mensen) og går frå å jente til å verta kvinne, har du noko som heiter initiation. Jenta skal lære om sin kvinnelegheit og at ho no trer inn i dei vaksne si verd. Familien prøve som regel å skjule at dei har fått ei voksen kvinne i hus. Fordi at manfolk ikkje skal komme luskande. Jenter skal vere reine og urørt når dei vert gifta vekk til mannen sin. Dei skal ikkje ha sex med andre enn han».

Informant 2 forklarte om zambiske tradisjonar for kvinner på ein litt annan måte : « Moderniseringa av Zambia har gjort det litt enklare for oss kvinner, men me skal fortsatt dekke til låra og brystene våre. Det er nemleg ein invitasjon til sex å vise fram låra sine. Foreldra mine fortalte meg aldri noko om sex eller samliv. Det lærte eg gjennom dei eldre jentene på skulen. Det er tradisjon at dei eldre jentene, tar med seg dei yngre inn i skogen, eller utanfor skulen og lærer kvarandre om seksuelle ting. Dette vert sett på som ein uformell utdanning . Der jentene sitter i sirkel og vidarefører informasjon om sex og samliv».

Under eit vanleg giftemål i Zambia er det vanleg at mannen betalar ekteskapsavgift for brura si. I Zambia heiter det lobala. Det er foreldra som diskuterer dette, og kjem fram til ein pris, og det er gutens foreldre som skal betale avgifta.

Informant 1 seier: «Me har lobala som ein sterk tradisjon. Dette betyr ekteskapsavgift, som foreldra forhandlar om, og det er gutens familie som skal betale avgifta til jentas familie. Når det er blitt bestemt at paret skal gifte seg, vert det heldt kitchenparty for brura. Dette er kun for kvinnene og her skal ho lære å bli skikkelig kvinne for sin ektemann. Ho får opplæring i korleis ho skal kle seg, oppføre seg og korleis ho skal tilbereie og servera maten i huset. Mannen hennar kjem alltid i fyrste rekke».

Informant 2 forklarte giftemål slik: Tanter og onklar er aktive når det gjelder giftemål i Zambia. Det er foreldra som diskuterer ekteskapsavgift, og vert betalt til jenta sin familie. Kvinnene samlar seg ved huset og synger til brura, det heiter londolozela, som er ein giftemålsong.

4.2 Landsbylivet

Når eg styrte spørsmåla inn på korleis landsbylivet var for jenter, fikk eg eigentlig ganske like svar frå begge informantane. Dei var veldig opptekne av at det skulle komme fram kva slags liv jentene i villagen har. Og kor mykje vanskelegare det er for jenter der ute enn for gutane.

Informant 1 sa: «Det er store forskjellar mellom jenter og gutter her ute. Jentene må i tillegg til skullearbeid, arbeide i huset. Her må dei vaske klede, lage mat, vaske, rydde og samstundes ta seg av yngre søskjen. Dette slepp gutane, nokon av dei må hjelpe faren å gjete heim kyrne. Jentene syns samtidig at utdanning er viktig, men her ute får gutane gå føre i køen når det gjeld skule».

Informant 2 sa: «Ja det er store forskjellar. Jentene vert oppdratt til å hjelpe til i huset og med matlaging. Du ser ikkje gutane lage mat her ute i landsbyen. Jentene er meir trøtte, sidan dei må jobbe heime og gjere alt det tunge arbeidet, i tillegg til alt på skulen».

Medan det vart forklart at det er store forskjellar på korleis jenter og gutter veks opp i landsbyen, la dei og vekt på forskjellane innan korleis eit ekteskap fungerer i landsbyen og kor forskjellig giftealderen kan vere i frå landsby til by i Zambia.

Informant 1 forklarte et ekteskap i landsbyen slik: «I eit ekteskap her ute i landsbyen, er det mannen som tener pengar og tek seg av familien økonomisk. Kvinna tek seg av huset og ungane, men mannen skal alltid komme i første rekkje, og ved matbordet er det han som skal serveras først. Ein mann kan ofte ha meir enn ei kone, men om ei dame har meir enn ein mannvert ho sett på som prostituert. Ho vil heller ikkje få nokon respekt i frå resten av samfunnet. Jenter skal berre gifte seg med ein mann».

Informant 2 forklarte det slik: «Mannen skal her ute i landsbyen, vere den som forsyrgjer, han skal betale for alt. Han har nemleg valt denne kvinnen og skal derfor forsyrgje ho. Dei gifte

kvinnene her ute skal først og fremst vere mor. Det er som regel meir barn i ein familie her ute i landsbyen, sidan dei fleste er bønder treng dei arbeidskraft. Barna, spesielt jentene, vert brukt til arbeid heime»

Når det kom til giftealder ute i landsbyen fekk eg litt forskjellig svar frå begge informantane mine om kva som var vanleg. Men begge svarte at mannen var den som, som regel, var eldst i ekteskapet.

Informant 1 sa: «Før i tida var det vanleg at både jenter og gutter gifta seg i ein alder av seksten år. Guten kunne for eksempel vere sytten år og jenta seksten år. Men no for tida er det vanleg at ein gifter seg i ein alder av tjue til tjueto år, der guten er den eldste av dei. Men det føregår fortsatt barnebryllup. Jenter heilt ned i tolv årsalderen vert gifta vekk til vaksne mannfolk. Det er eigentleg litt hysj-hysj å snakke om det, sidan det ikkje lenger er lovlig. Men då er det headman som gifter dei og ikkje presten».

Informant 2 forklarte meg: «Når ein gifter seg i Zambia er som regel mannen eldre enn kvinna. Det kan vere to til tre år som skil dei, eller som i nokon tilfelle, der mannen er opp til ti år eldre. Den vanlege giftealderen i landsbyen er som regel atten år, men det føregår jo fortsatt barnebryllup her ute. Men det er meir skjult».

4.3 Utdanning i landsbyen

Når det gjaldt utdanning ute i landsbyen, var begge informantane mine klare på at det var store forskjellar mellom jenter og gutter. Men la og vekt på at fattigdommen i landsbyen øydelegger utdanningsmoglegitene til ungane.

Informant 1 sa: «Dessverre så er det slik i landsbyen at nokon familiarer er så fattige at dei ikkje har råd til å sende alle barna sine på skule. Då er det gutane som får fordelane når det gjeld utdanning her i landsbyen. Nokon av jentene vert og heime fordi foreldra trenger dei til arbeid heime».

Informant 2 forklarte det slik: «Dei fleste foreldre her ute håper at ungane skal få ein utdanning og jobbar hardt for det. Slik at barna skal kunne forsyrgje foreldra når dei vert

gamle. Men her og øydelegg fattigdomen mykje for barna. Det er enklare å gifte vekk ei av døtrene sine, for å tene pengar slik at sonen kan få gå på skule i staden».

Meiningane om kjønnsforskjellar, når det kom til utdanning i landsbyen, hos informantane kom klart fram når me prata om lik utdanning for kjønn, og same rettighetar på utdanning.

Informant 1 sa: «Det er gutane som får moglegheita til å reise inn til byen for å ta vidare utdanning, om familien har råd til det. Medan jentene vert gifta vekk i landsbyen. Men det er jentene som er i utvikling her ute i landsbyen. Dei har rett alder i forhold til klassen dei går i, mens gutane fell litt bak, ein gut på 18 kan gå i sjuande klasse. Jentene er dei som skrik høgast om lysta til å lære».

Informant 2 sa: Dessverre vert gutter favorisert til utdanning her i landsbyen. Gutar kan jo gå på skule sjølv om dei har gjort ei jente gravid, og det kan jo ikkje jentene gjere. Dette er uheldigvis forståelsen til dei fleste innbyggjarane her ute. Dei seier det er lettare å utdanne gutter enn det er med jenter.

5.0 Drøfting

Zambia er ein republikk i den sørlege delen av Afrika og har cirka 10 millionar innbyggjarar. Over sytti prosent av landets befolkning lever i fattigdom, noko som gjer dette landet til ei av verdas fattigaste nasjonar.

Så korleis kan ein sei at det er tøffare for jenter i denne delen av verda enn i for eksempel Norge? I denne delen av oppgåva vil eg prøve å vise samanheng mellom funna eg har gjort gjennom intervjuia mine og teoriane eg har skrevet om. Samstundes er det viktig å hugse på at det er vanskeleg å ikkje sjå på andre kulturar med «norske auger». Så eg vil prøve i denne delen å vere så nøytral som mogleg i forhold til mine eigne erfaringar i frå Norge. Derfor vil eg vil prøve å få fram kvifor jenter vert sett på slik dei vert i Zambia, ved å bruke teoriar som forklaring.

Eg har valt å dele drøftinga mi inn i to deler som kan forklare korleis det er å vere jente i Zambia. Den første vil være kva er ei typisk Zambisk kvinne er og deretter vil eg ta for meg jenter i landsbyen.

5.1 Typiske Zambiske Kvinner

Som eg har skrevet tidlegare i empirien min, var ikkje mine to informantar typiske Zambiske kvinner. Med det utsagnet meinte eg i forhold til at dei er godt vaksne kvinner, ingen av dei er gifte og begge to er høgare utdanna. Medan eg var i Afrika vart eg forklart utallege gonger, både av kvinner og menn, at når du som barn vert født i Zambia, vert du sett inn i ei rolle som anten jente eller gutt. Det vert og sett forventningar til deg som kjønn heilt frå starten av. Jentene skal dekke til kroppen sin, spesielt låra sine, og dei skal lære seg til å ta vare på hus, mann og barn

Dette vert dei opplærde til for at dei skal være ei god kone og kvinne for sin framtidige ektemann. Når Schiefloe (2011) seier at enkeltmennesket tileignar seg kultur gjennom læring kan me knytte kjønnsrolle mønsteret i Zambia til Schiefloe sin kulturteori. Menneska på jorda lever i sine liv som medlemmar av eit samfunn og den kulturen eit samfunn innehavar er ein føresetnad for at samfunnet skal eksistere.

Begge mine informantar er født i by og har vokse opp med rollemønsteret til kvinner og menn i Zambia. Likevel har dei valt å gå eigne vegar og ta sine eigne val. Schiefloe (2011) seier at det som er avgjerande for kva type menneske me vert er kulturen me føres inn i. Her har og dei kulturelle omgjevnadane me veks opp i mykje å sei, kva slags verdiar og haldningar me vert berarar av, kan forklare kvifor disse to Zambiske kvinnene ikkje heilt følg malen på å vere ei typisk Zambisk kvinne.

Typiske kvinnelege Zambiarar fylgjer tradisjonar og lever livet sitt etter normer og reglar i det Zambiske samfunnet. Det å vere gift gir deg meir respekt som kvinne. Når det gjeld identitet og kjønn, er det som eg har forklart tidlegare i oppgåva, at kvinner og menn er biologisk ulike, og har derfor ulike rollar i forplantninga i verda. Derfor er utviklinga av identiteten vår som kvinne eller mann ein viktig del av vårt sjølvbilde. I følgje Schiefloe (2011) vert kvinner og menn vurdert etter til dels ulike standardar, grunna omgjevnadane våre som forventar ulik type åtferd frå dei to forskjellege kjønna. Dette kom etter mi meining ganske klart fram når eine informant min forklarte meg «ein mann kan ofte ha meir enn ei kone, men om ei dame har meir enn ein mann vert ho sett på som prostituert. Ho vil heller ikkje få nokon respekt i frå resten av samfunnet. Jenter skal berre gifte seg ein gong».

Sjølv om denne informanten sjølv meinte at ho ikkje var ei typisk Zambisk kvinne, sidan ho hadde eit barn og ikkje var gift med mannen sin, kom likevel verdiar og haldningar frå den afrikanske kulturen hennar fram når ho fortalte meg dette. Født som ei Afrikansk jente, vil innlæringa av kultur starte med det same, og i den gruppa ein veks opp i, vert ein forma som menneske gjennom tileigning av kulturen i følgje Schiefloe. Dette er og det sentrale i sjølve sosialiseringssprosessen som eg skal komme tilbake til seinare i drøftinga. Men når det gjeld verdiar og haldningar i forhold til Afrikanske jenter, vil eg og trekkje inn verdsbiletet til Dahl (2011). Ein vert ikkje født med verdsbiletet klart i hovudet sitt. Dette får me gjennom normer og verdiar som samfunnet rundt oss gjer oss tilgang til. Barn får gjennom omgang med andre, som sysken og foreldre, sin tileigning av verdsbiletet. Me bruker det til å forklare hensikta med livet og rolla til menneska i forhold til overnaturlege makter, universet og andre menneske.

Den eine informanten min forklarte meg om at Zambiske kvinner skal dekke til låra sine, fordi å vise dei kan vere ein invitasjon til sex, men likevel uttaler ho at «moderniseringa av Zambia har gjort det litt enklare for oss kvinner». Her kan eit verdsbilete vere ein god forklaring. Som nemnt tidlegare seier Dahl (2011) at me tar som oftast for gitt slik me ser vår eigen kultur og verda rundt oss. Så møter me andre menneske som har eit anna verdsbilete enn oss sjølv og oppdagar at me faktisk har eit me og.

Sjølv om ein kan uttale at det finnes noko typisk for Zambiske kvinner, må ein også hugse på at normer og verdiar vi kan finne i grupper av menneske, kan og i følgje Dahl (2011) avvike frå det som kan vere normene til eit enkeltindivid. Det er enkeltmenneska me skal kommunisera med og ikkje verdsbiletet. Så for å forstå den typiske Zambiske kvinnen og hennar førestellingar og tankegang, må me i følgje Dahl (2011) setje oss inn i verdsbiletet deira generelt og religionen spesielt.

Ute i landsbyen kjem kanskje kjønnsrollemönsteret i Zambia sterkare fram. Her er mykje fattigdom, og jentene er dei du ser ute rundt husa med kostar, klesvask eller oppvask. Korleis kjønnsidentiteten vår vert utvikla og korleis jenter og gutter utviklar seg forskjelleg er eit spørsmål om kultur meiner Schiefloe. Utviklinga av vår kjønnsidentitet startar med ein gong etter fødselen, og gutebarn og jentebarn vert behandla ulikt og vert møtt av ulike reaksjonar og forventningar.

Kjønn er og eit kulturelt viktig skilje i alle samfunn. I fylgje Schiefloe (2011) vert menn og kvinner lært opp til ulike handlingar og åtferd, og vert møtt med forskjellege normer på alle plan. Eine informant min forklarte meg «me har lobala som ein sterk tradisjon. Dette betyr ekteskapsavgift, som foreldra forhandlar om, og det er gutens familie som skal betale avgifta til jentas familie». Her vil eg trekke inn det samfunnsbestemte kjønnet. Dette er eit kulturelt fenomen som gjer seg utslag i ulike forventningar, moglegheiter og ulike kjønnsroller.

Vidare sa informanten at «når det er blitt bestemt at paret skal gifte seg, vert det heldt kitchenparty for brura. Dette er kun for kvinnene og her skal ho lære å bli ei skikkelig kvinne for sin ektemann. Mannen hennar kjem alltid i fyrste rekkje». Det som gjer at kvinner og menn kan forhalde seg til og oppleve verkelegheita på forskjellege måtar er kjønnsmessige forskjellar i sosialisering og samfunnsposisjon. I Zambia kjem alltid mannen i fyrste rekkje, og plassering i lagdelingshierarkiet vert vurdert på grunnlaget avmannens inntekt og status. Ei typisk Zambisk kvinne kan derfor lett verta betrakta som eit vedheng til sin ektemann.

5.2 Jenter i landsbyen

Begge informantane mine la vekt på at jentene lever eit mykje hardare liv i landsbyen. På spørsmål om det forskjellar på oppveksten til jenter og gutter svarte begge informantane at «det er store forskjellar», og at «jentene må jobbe heime i tillegg til skulearbeid». Så korleis kan ein forklare desse forskjellane ut i frå teori? Slik eg har forklart kultur tidlegar i oppgåva kan ein og forklare sosialiseringsprosessen som ein del av kulturen me veks opp og inn i. Sosialisering kan verta forstått som ein prosess som formar menneske og kan delast inn i to fasar i fylgje Schiefloe. Primærsosialisering som eg skal ta for meg først, og sekundærssosialisering.

Innafor primærsosialiseringa vert fundamentet for både personlegheitsutviklinga lagt og også mykje av den seinare læringa. Den eine informant min forklarte at «jentene vert oppdratt til å hjelpe til i huset og med matlaging. Du ser ikkje gutane lage mat her ute i landsbyen». Så korleis jentene skal leve livet sitt i landsbyen vert innlært hos dei frå fødselen av, då primærsosialiseringa er spesifikk og personorientert slik som Schiefloe forklarer den.

Gjennom sosialisering tileignar me oss dei kunnskapane, ferdigheitene og meiningsane som gjer til at me kan delta som aksepterte og fullverdige medlemmer av samfunnet. Schiefloe (2011) forklarar dette som ein læreprosess som byrjar ved den første kontakten mellom eit nyfødt barn og foreldra, og den er særleg sterk og formande dei fyrste leveåra til barnet. Og denne læreprosessen skil seg ut ved at me bruker det me lærer og gjer det til ein del av oss sjølve. Me utviklar oss til særeigne individ med ein eigen personlegheit. Som menneske vert me født nesten utan instinkta og er avhengig av andre individ, det som gjer til at me overlever er å lære frå andre

Her kjem og den kulturelle kompetansen fram, ved at jentene i landsbyen vert sosialt akseptert og integrert i ein bestemt sosial kontekst, gjennom at dei kjenner dei kulturelle kodane. Jentene lærer seg å opptre som eit individ på ein slik måte at det bekreftar tilhørigheita i det aktuelle fellesskapet, i dette tilfellet landsbyen, og dei kan tolke forventningane dei møter i kvardagen.

Etter kvart som jentene i landsbyen vert eldre, er det andre instansar som spelar ei viktigare rolle, slik som barnehage, skule eller ein ektemann. Her startar sekundærsosialiseringa, og den er vert kjenneteikna av at den er generell i innhald og form, men i hovudsak rolleorientert. Den eine informanten min forklarte «det er enklare å gifte vekk ei av døtrene sine, for å tene pengar slik at sonen kan få gå på skule i staden» og «men det føregår jo fortsatt barnebryllup her ute». Schiefloe (2011) seier at i nesten alle verdssamfunn fell det seg slik at det manlege kjønnet har meir makt og prestisje.

Når ein ser på sosialisering i denne samanhengen, kan me og sjå på kulturfiltermodellen til Dahl (2011). Korleis jenter vert oppdratt i landsbyen har og mykje med kommunikasjon å gjere. Det er ikkje berre kommunikasjonen i seg sjølv, men korleis ein oppfattar og forstår dei meldingane, teikna eller situasjonane som kan oppstå mellom forskjellege menneske. Tankegang, uttrykksmåte, språk og presentasjon vert forma ut i frå den enkeltes sosialisering og erfaring.

Etter å ha hatt praksis og undervisning i landsbyen, kunne eg jo sjølv sjå at kommunikasjon slik me ser det med norske auger ikkje føregår på same måte i Zambia. Ein av informantane mine sa: «Foreldra mine lærte meg aldri noko om sex eller samliv. Det lærte eg gjennom dei eldre jentene på skulen. I kulturfiltermodellen vert den kulturelle referanseramma prega av

tidlegare forventning og erfaring om den andre. Så når to individ skal kommunisere må beskjeden fra avsendaren, passere filteret til avsendaren, og for å motas av mottakaren, må den også passere filteret til mottakaren. Den som mottar beskjeden sitt så klart med sitt eige verkelegheitsbilete og avkodar meldinga deretter.

Når ein ser på korleis jentene i landsbyen vert sett på og behandla i forhold til svara eg fekk i intervju mine, kan ein sjå på det frå eit Afrikansk verdssyn. I Afrika lever dei etter Ubuntu som kan verta oversett med Afrikansk humanisme. Eller det kan forklarast med å vere eit godt menneske eller human. Eine informant min sa: «Dei fleste foreldra her ute håper at ungane skal få ein utdanning og jobbar hardt for det slik at barna skal kunne forsyrgje foreldra når dei vert gamle».

Det Afrikanske bildet på eit individ er at sjølvet er utanfor kroppen, i notid og opent for alle andre individ. Innan Ubuntu er den største forskjellen mellom kjønna. Shutte (2001) skriver at dette vert sett på som ein naturleg ting og ikkje berre ein kulturell ting. Kvinner og menn er like, men annleis som menneske. Informanten forklarte at: «Dessverre vert gutter favorisert til utdanning her i landsbyen. Gutter kan jo gå på skule sjølv om dei har gjort ei jente gravid, og det kan jo ikkje jentene gjere.» Dette var den generelle oppfatninga til innbyggjarane i landsbyen, men i Ubuntu vert det forklart at kjønna komplimenterer kvarandre, og at ein må lære seg å sjå seg sjølv utanfrå når det gjeld våre handlingar og våre relasjonar.

Men ved at jentene skal ta seg av familien mens mannen jobbar og tener pengar, kan og sjåast på som at forholda mellom kjønna er i stand til å vere så mektig og livsgivande. Eller komplementær. Informanten min sa at: «han har nemleg valt denne kvinnen og skal difor forsyrgje ho. Dei gifte kvinnene her ute skal fyrst og fremst vere mor». Forholdet mellom mann og kvinne i landsbyen skal vere noko som gjer ekstra liv til den enkelte, men som også er i stand til å bringe nytt liv til eksistens.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg tatt for meg korleis jenter veks opp på landsbygda i Zambia. Å skulle skrive om dette utan å la mitt norske syn påverke meg, er ikkje nokon enkel oppgåve. Uansett kor kulturrelitavistisk ein prøver å vere, vil min egen kultur i ein eller annan grad påverke meg.

Både kultur og sosialisering har mykje å sei for korleis barn i heile verden veks opp i dag, og dermed og fått ein stor plass i mi oppgåve. Det at landet er så fattig, fører og til at foreldra må dra nytte av kor dei kan tene pengar, og på grunn av ekteskapsavgift vert døtrene ofte gifta vekk utan å ha fått fullført skulegang. Etter mine intervju og funn ser eg at guitar har klare fordelar når det kjem til kjønn i Zambia. Dei har fordelen i heimen og i utdanning. Jentene har dobbelt opp av alt arbeid dei utfører, og er lavare enn mannen når det kjem til kor i samfunnet dei høyrer til.

Referanseliste

Dahl, Ø., (2011). Møter mellom mennesker. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Dalland, O., (2007). Metode og oppgaveskriving for studenter. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Shutte, A., (2001). Ubuntu an Ethic for a New south Africa. Pietermaritzburg: Cluster Publications.

Schiefloe, PM., (2011). Mennesker og amfunn innføring I sosiologisk forståelse. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.